


R.696 ROMEMYRA BARNEHAGE

GRUNNUNDERSØKELSER

GEOTEKNISK VURDERING



12.5.. 86

GEOTEKNISK SEKSJON

PLANKONTORET TRONDHEIM KOMMUNE

R 696 ROMEMYRA BARNEHAGE

ORIENTERING

Etter oppdrag frå Bygge- og Eiendomskontoret v/landskapsarkitekt Hans I. Kjærem, har vi utført grunnundersøking og geoteknisk vurdering for den prosjekterte barnehagen på Romemyra.

I tillegg til å måle myrddjupna, har formålet med undersøkinga vori å undersøke den mineralske grunnen med tanke på fundamentering av bygningar.

TIDLIGARE
GRUNNUNDER-
SØKINGAR

Det er tidligare gjort ei rekke grunnboringar i og ved det aktuelle området. Resultata frå boringane er presenterte i desse rapportane:

Kummeneje:	O. 363-3
	O. 363-4
	O.3080-1
	O.3080-2

Geoteknisk seksjon:	R 342-1
	R 609

MARKARBEID:

Markarbeidet vart gjort i tida 18. - 21. februar 1986.

Det vart utført dreieboring til 20 m under terrenget i 2 punkt og prøvetaking med 54 mm stempelprøvetakar til 11 m under terrenget i 1 punkt. I tillegg er myrddjupna målt i tilsaman 40 punkt.

Borpunktene er plasserte som vist på situasjonskartet i bilag 1 der også tidligare grunnboringar er avmerka.

Resultata frå boringane er framstilte på terrenprofilerna i bilag 3.

LAB.ARBEID

Prøvane som vart tatt opp, er opna og klassifiserte i laboratoriet vårt på Valøya. Det er utført måling av vassinnhald, romvekt og udrenert skjerstyrke.

Resultata er viste i borprofilet, bilag 2.

TERRENG- OG
GRUNNFORHOLD

Det området som vi har undersøkt er ca 40 m x 80 m stort og ligg like sør for Romemyra sjøbyggarområde. Arealet er tilnærma flatt og er heilt dekket av torv. Torvlaget er for det meste 2,5 - 3,5 m tjukt.

Dei mineralske massane under torva er homogen, marin leire ned til boredjupna ca 20 m under terrenget.

Like under torvlaget er leira relativt fast, men frå 1 - 2 m under leiroverflata er det påvist blaut leire med høgt vassinnhald. Den blaute leira vil trulig vere relativt kompresibel/setningsømfintlig.

VURDERING

Alle hus og ledningar må fundamenterast i den mineralske grunnen under torvlaget.

Tomta passar best for bygging av lette bygningar fundamentert på bankettar direkte i leirgrunnen.

For fundament i den faste leira like under torva, kan ein bruke netto såletrykk på 100-120 kPa for vertikal last i brotgrensetilstanden.

Fundamentering direkte i den underliggande, blaute leira bør ein unngå da ein her har dårlig bereevne og sensitive massar.

Når ein skal fjerne torvlaget, bør dette utførast så forsiktig som mulig for å hindre omrøring og oppbløyting av det øvre leirlaget.

Viss leira i byggegropa likevel skulle bli forstyrta, bør ein erstatte topplaget med 15-20 cm med grus eller flussfjell før bygginga startar.



På grunn av den kompressible leira, bør ein vere forsiktig med å fülle tunge massar (f.eks. sand, grus o.l.) inntil grunnmurane. Det vil vere spesielt ugunstig med oppfylling berre på ei side av eit bygg. Dette kan i tilfelle føre til skeivsetningar.

Vi diskuterer gjerne dei opplysningane og vurderingane som vi har lagt fram, og vi står forøvrig til tjeneste i det vidare arbeidet med dette prosjektet.

PLANKONTORET
Geoteknisk seksjon

Leif I. Finborud
Leif I. Finborud

Erling Romstad
Erling Romstad



ROMEMYRA BARNEHAGE

SITUASJONSKART
 ○^{3,3}TORVDYBDEMÅLINGER

● DREIEBORING
 ◎ PRØVETAKING

TIDLIGERE BORINGER:
 R. 342-1 og R. 609 GEOT. SEKSJ.
 o. 363-3, o. 363-4, o. 3080-1-2
 KUMMENEJE

TRONDHEIM KOMMUNE
 GEOTEKNISK SEKSJON

MALESTOKK:
 1:1000


TEGN. AV:
 K.T.







DATO:
 4. 3.. 86

J. KONTR.:

RAPP. NR.:
 R. 696

BILAG:
 1





MALESTOKK: 1:200

ROMEMYRA BARNEHAGE

Profiler med dreiebor-, prøvetakings- og tørvedbderesultater.

TRONDHEIM KOMMUNE
GEOTEKNISK SEKSJON

PROFIL B, C, D, E OG F

TEGN. AV: K.T.
DATO: 27. 2. 86
KONTR.:
RAPP. NR.: R. 696
BILAG: 3